

GENERELLE VILKÅR FOR LÅN AV INGEBRIGT DAVIK-HUSET

Lån og utlevering av nøklar

- Skal skje gjennom kulturhuset sin administrasjon. Vedkomande som kvitterer ut nøklar, er ansvarleg for å gjere seg kjend med dette reglementet og rømmingsvegar. Vedkomande har også ansvar for å rydde etter seg, setje utstyr på plass, slå av alt lys, låse og lukke dører og vindauge.
- Det skal betalast eit depositum på kr 500,- for å få utlevert nøkkel. Dette blir betalt tilbake når nøklar blir innlevert - noko som skal skje seinast dagen etter at arrangementet er avtalt ferdig, eller etter avtale. Ved tap av nøkkel, har lånar erstatningsplikt på kr 5 000,-

Lokale og inventar

- Lokale og inventar skal behandlast forsiktig, og skal bli etterlatast i den stand de fann det.
- Lokalet skal bli rydda, søppel kasta i avfallsbeholdarar (i varemottaket) og golvet kosta.
- Stolar, bord og anna utstyr skal tørkast/vaskast og setjast tilbake til standard oppsett (eller slik de fann dei, med mindre noko anna vert avtala).
- Ikkje sett møblement framfor/inntil kunsten på huset eller framfor nødutgangane.
- Ikkje flytt på plantane.
- Ved bruk av kjøken, kokeplater, kaffitraktar og anna kjøkenutstyr, skal dette bli vaska og oppvask satt i oppvaskmaskina.

NB! Dersom dette ikkje blir utført, vil de bli fakturert for arbeidet etter medgått tid. Normalt reinhald før og etter arrangement er inkludert i lånet.

Ev. skadar og manglar

- Alle som får låne huset pliktar å undersøkje om det er skader eller manglar på utstyr, inventar, bygg m.m. både ved ankomst, under opphaldet og før de forlet lokala.
- Eventuelle skadar eller manglar skal umiddelbart meddelast til kulturhuset sin representant.

NB! Lånar er rettsleg erstatningsansvarleg for skadar som oppstår under lånetida. Dette gjeld også eventuelle personskadar.

Forsikring

- Då utstyr og verdiar som lånarar tek inn i bygget i lånetida ikkje er forsikra gjennom Ingebrigt Davik-huset sin forsikringsavtale, må lånarar sjølv syte for at de har gyldig forsikringsavtale.
- Enkeltpersonar eller lånarar som ikkje overheld ordensreglane for bygget, kan bli nekta lån av bygget for eit avgrensa tidsrom. Ingebrigt Davik-huset vurderer dette i kvart einskild høve.
- Lokale som er tildelt skal berre bli nytta i det tidsrom og til det føremål som er innvilga. Ein må sjølvsgt også booke lokala for naudsynt oppriggstid i forkant og rydding i etterkant. Kontrakta kan seiast opp ved brot på reglement eller under særlege vilkår.